



## Tre enkle steg for å bokmerke fjord1.no på mobilen din

1. Gå inn på [www.fjord1.no](http://www.fjord1.no) på nettlesaren på mobiltelefonen. Naviger til den sida du ønskjer å legge til som eit bokmerke. Dette kan vere forsida, ein spesifikk avgang eller kva som helst anna side som du ønskjer rask tilgang til.


I dette dømet vel vi å bokmerke *framsida*. Du vil då sjå dette biletet:



Safari




Chrome

Klikk på firkanten med pil opp  (i Safari ligg knappen nederst i midten, medan i Chrome ligg bak nettadressa, heilt oppe til høgre).


2. Vel «Legg til på Hjem-skjerm» (markert med grå bakgrunn på biletet under).






3. I dette steget kan du skrive inn ønska namn på bokmerket, som til dømes «Fjord1» eller «Rutetiden».

Trykk deretter «ferdig».



4. No kan du finne bokmerket på heimskjermen din!



## Fordelar med bokmerke

Å bruke eit bokmerke i staden for ein dedikert app har fleire fordelar:

- Krev mindre plass: Bokmerker tar ingen plass på telefonen din, i motsetnad til ein app.
- Ingen oppdateringar: Du treng ikkje å bekymre deg for å laste ned oppdateringar av appen. Nettsida vår vert kontinuerleg oppdatert.

*Har du spørsmål eller treng hjelp til å legge til bokmerket? Ikkje nøl med å ta kontakt med vårt servicesenter for assistanse.*

Fjord1 AS, via vårt [tilbakemeldingsskjema \(klikke på lenka\)](#) eller tlf. 57 75 70 00.